

REFERAT FRÅ STYREMØTE I KNARVIK INDUSTRI OG MILJØ AS

Tysdag 21.august 2018 kl 15.30

Kantina i Kvassnesvegen 52.

Desse møtte:

- ✓ Jan – Åge Johannessen.
- ✓ Leidulv Brunborg.
- ✓ Jostein Hellestveit.
- ✓ Henriette Stormark.
- ✓ Trude Hosøy Andersen.
- ✓ Gunnlaug Dale.
- ✓ Astrid Namtvedt Sylta som vara for Kåre Østrem.

- ✓ Kåre Østrem – Kunne ikkje møte.

Saksliste:

11/08 Godkjenning av innkalling, saksliste og referat frå møte tysdag 17.april 2018

Det vart diskutert at fyrste vararepresentant skal kallast inn til alle styremøte

Vedtak: Innkalling, saksliste og referat vert godkjent. Ein skal kalle inn fyrste vararepresentant til framtidige styremøter.

12/18 Konstituering av nytt styre og gjennomgang av styreinstruks for KIM AS.

Gjeldande styreinstruks vart gjennomgått, og føreslege godkjent med mindre språklege endring for å få dokumentet på nynorsk. Ei setning vart endra slikat saker som hastar kan handsamast utan å måtte ha fysisk møte. D.v.s. at ein skal kunna ha telefonmøter

Saker som hastar, kan handsamast utan fysisk møte, t.d. telefonmøte, dersom eit fleirtal av styremedlemane er einig i dette.

Vedtak: Styret er konstituert med Jan- Åge Johannssen som leiar og Leidulv Brunborg som nestleiar. Gjeldande styreinstruks vart vedteken med mindre språklege endringar.

13/18 Kort informasjon frå generalforsamlinga.

Styreleiar informerte om generalforsamlinga som var 15 mai 2018.10.08

- Kommunale plassar kontra VTA plassar. Fleire VTA tilsette med låg arbeidsevne. Her må kommunen innrette seg slik at ein må auke finansieringa av desse plassane. Ein må og sjå for seg å måtte auke talet kommunale plassar.
- Selskapskontrollen – Her har ein allereie godt i gang med å rette avvik som er påpeika.
- Ein må heile tida leite etter nye produkt for å kunna erstatte produksjon med låg inntening. Krava til inntening er høg, medan produksjonsevnen til mange av deltakarane har blitt gradvis redusert i løpet av åra.

- Generalforsamlinga vart orientert om at ein har fokus på å betre likviditeten i selskapet

Vedtak: Orienteringa vart vedteken.

14/18 Styremøter i perioden fram til mai 2019

Vedtak: I perioden dd – til mai 2019 er det planlagt styremøte som følgjer:

30 oktober kl 15.30

11 desember kl 17.00 med julemiddag kl 19.00 på Alver hotell. Invitere med Ordførar

19 februar kl 15.30

30 april kl 15.30.

15/18 Rekneskap pr 30.06.2018 – vert delt ut i møte

Dagleg leiar informerte om at omsetnaden pr dd er betre enn året før. Rekneskapstala viser og ei betring så lang i året. Det er etter måten mykje gammalt utstyr/ bygg som treng vedlikehald. Har hatt store utgifter på både bilar og heis. Vernerunde avslørte og behov for noko oppgradering i høve til branntryggleik. Dette er utgifter som må takast over drifta.

Vedtak: Styret tek presentasjonen av rekneskapen til vitande.

16/18 Selskapskontroll

Det vart delt ut eige saksnotat i høve til oppfølging av selskapskontrollen.

Dagleg leiar orienterte om kva avvik som er retta, og prosessen vidare for oppfølging av avvik som ein må arbeide vidare med.

Dagleg leiar sitt ansvarsområde:

- Etiske retningsliner for KIM AS er på plass.
- Stillingsskildringar er på plass
- Felles framstilling av mål og visjonar er på plass
- Avvikshandsaming er sett i system.
- Vernerundar er utført.
- Risikovurdering i høve til farleg arbeide er starta opp.
- System for internkontroll er under utvikling inkl HMS tiltak tilpassa aktiviteten på KIM
- Det er utarbeida beredskapsplan for alvorlege hendingar.
- Vurdering i høve til industrivern er planlagt med møte med representant for industrivernet tysdag 08.10.2018
- I høve omsetnad/ eigen produksjon og offentlege tilskot, er det styrets vurdering at KIM AS ikkje er underlagt offentlegheitslova.
- KIM AS har starta fleire tiltak for å betre brukarmedverknad.
- I høve omsetnad/ eigen produksjon og offentlege tilskot, er det styrets vurdering at KIM AS ikkje er underlagt reglane om offentlege anskaffingar.
- Det er pr dd. IKKJE starta opp arbeid med å utarbeide skriftlege retningsliner for økonomistyring.

Styret sitt ansvarsområde:

Oktobermøte:

Diskutere ein årsplan for styremøta og starte arbeidet med å utarbeide skriftlege retningslinjer for vurdering av habilitet – J.fr KS sine retningslinjer.

Desembermøte

Gjennomføre årleg styreevaluering der ein og ser på frekvens og innhald i ei styreevaluering.

Vedtak: Styret arbeider vidare med plan for å møte utfordringar knytt til styret sitt ansvarsområde omtala i rapporten. Styret vil fylgje opp dagleg leiar sitt ansvar for å få på plass avvika / avklare avvika knytt til den dagleg drifta av KIM AS.

17/18 Orienteringar frå dagleg leiar

- Flytting av Telenormast – Status
 - Går som planlagt.
- Ny dataleverandør – IktNH – Behov for skifte av IKT maskinvare (Pcar og skrivarar)
 - Overgang til ny IKT leverandør er utsett nokre mnd. grunna sjukdom hjå IKTNH
- **GDPR** – «Personvernforordningen» - Status ved KIM AS
 - Dette arbeidet er omfattande, men me ha komme godt i gang. Har inngått databehandlaravtalar med sentrale samarbeidspartnar. Utarbeida interne rutinar for handtering av personopplysningar og endra innstilling på heimesida til KIM. Starta arbeidet med å «vaske» i eldre mapper. Det er gjort avtale om å kjøpe inn eige digitalt sakshandsamarsystem til administrasjon av VTA ordninga.
- Presentasjon av omsetnad på Gjenbruksbutikken fyrste 6 mnd i 2018.
 - Det vart presentert ta for omsetnad i Gjenbruksbutikken. Ein omset for omlag kr 225 000.- pr mnd
 - Store utfordringar knytt til plass og lokalisering. Mange har ting og tang som dei vil gje til butikken, og tid om anna har ein kapasitetsutfordringar knytt til å handtere vareflommen. Prøver så godt ein kan å halde det ryddig, MEN det er ikkje alltid like enkelt.
- Lønnsforhandlingar VTA tilsette.
 - Alle skal ha minimum kr 20.- i timen + at dei har si trygd frå NAV
- Sjukefråvære fyrste halvår 2018 – Ordinært tilsette.

Me er heldige og har lågt sjukefråvære så langt på året.
- Avviksmeldingar pr dd
 - Ein har blitt langt flinkare å melde avvik. Avvika vert vurdert med ein gong dei vert meldt, og retta opp fortløpande

Vedtak: Styret tek orienteringane til vitande.

Knarvik, 30.10.2018

Styret

Jan-Åge Johannessen
Styreleiar

Leidulv Brunborg
Nestleiar

Jostein Hellestveit
Medlem

Trude H. Andersen
Medlem

Henriette Stormark
Medlem

Kåre Helge Østrem
Medlem

Gunnlaug B. Dale
Medlem

Astrid Namtvedt Sylta
Varamedlem